

Solskinsdag med trekkspel på Rød

19.08.2015



Vi har sakna Nils Naasen!

Solskinsdag på Rød har Nils Naasen og Haldor Tveit optimistisk kalla programmet sitt som dei skal runda av årets museumsdag med sundag ettermiddag. Dei to flinke trekkspelarane eller rettare accordion-spelarane har gjort eit utsøkt utdrag av ein enorm musikkskatt og kan lokka med til dømes klassiske accordion-komponistar som Pietro Deiro og Pietro Frosini. Men dei har også Fuge i G-moll av Bach på programmet. Det skal dessutan verta spennande å høyra Bønn i Notre Dam av Leon Boelmann.



Nils og Haldor spelar i kyrkja

Haldor og Nils likar mange dansekomponistar og ein av dei er Anders Viken. Av han spelar dei både ein reinlender og ein vals. Og så viser Nils og Haldor at dei set pris på den store trekkspel-grossisten Harald Henchien ved å spela Veslefrikk. Det er ellers svært hyggeleg å kunne ynskje Nils velkommen attende på heimebane. Vi har sakna han!

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen